
Nedgang i forventede pensjoneringsalder og yrkesaktivitet

AV ODDBJØRN HAGA OG OLE CHRISTIAN LIEN

SAMANDRAG

Forventet yrkesaktivitet er ein indikator for å måla lengda på yrkeskarrierer basert på yrkesaktiviteten i einskilde år. Ein 15-åring i 2010 kunne forventet ein yrkeskarriere tilsvarande 30,9 årsverk. Dette er noko lågare enn i 2008 og 2009, og skuldast auken i arbeidsløysa etter finanskrisa.

Medan yrkesaktiviteten totalt sett har gått noko ned, er dette ikkje tilfelle for eldre arbeidstakarar. I IA-avtala for perioden 2010-2013 er eit av måla at forventet yrkesaktivitet ved 50 år skal forlengjast med 6 månader frå 2009 til 2013. Forventet yrkesaktivitet ved 50 år auka noko frå 2008 til 2009, og heldt seg uendra på 10,9 år frå 2009 til 2010. Vi må altså framleis ha ein auke på 0,5 år fram mot 2013 for å nå målet i IA-avtala. Yrkesaktiviteten etter 50 år er høgast i Akershus, med 12 år, og lågast i Finnmark og Østfold, med 9,7 og 9,8 år.

Ettersom stadig fleire kombinerer arbeid og pensjon, er det ofte ikkje lenger samsvar mellom når folk tek ut pensjon og når dei sluttar i arbeid. Vi utarbeider difor separate indikatorar for sysselsetjingsåtferda og pensjoneringsåtferda blant eldre. Forventet pensjoneringsalder gjer uttrykk for pensjoneringsåtferda, og indikatoren omfattar alderspensjon, varig uførepensjon og avtalefesta pensjon (AFP). Forventet pensjoneringsalder ved fylde 50 år i 2010 var 63,6 år. Dette er ein nedgang på 0,3 år frå 2009. Ettersom yrkesaktiviteten over 50 år har vore uendra i same periode, tyder dette på at fleire arbeidde ved sidan av pensjonen i 2010 enn i 2009.

Forventet pensjoneringsalder ved fylte 18 år var 60,6 år i 2010. Dette utgjer ein nedgang med 1,5 år frå 2009. Den store nedgangen kjem hovudsakeleg av auka tilgang til uførepensjon, særleg i alder under 50 år. Tilgangen til uførepensjon i 2010 var om lag den same som i 2003, året før tidsavgrensa uførestønad vart innført.

INNLEIING

Då folketrygda vart innført i 1967 var det vel 3,5 sysselsette for kvar alders- og uførepensjonist. I 2010 hadde dette talet felle til 2,6. Når dei store etterkrigsskulla går av med pensjon og skal forsørgjast av mellom anna dei små fødselskulla frå slutten av 1970-talet og starten av 1980-talet, så vil dette talet minka ytterlegare. Utan pensjonsreforma reknar vi med at talet på sysselsette per pensjonist ville falle til 2,0 omkring år 2030 og til 1,7 i år 2060 (Christensen m.fl. 2009). Den kraftige auken i forsørgingsbyrda skuldast fleire ulike tilhøve:

- Auke i forventet levealder: Forventet levealder ved fødselen har auka frå 74,0 år i 1967 til 81,0 år i 2010, og forventet levetid for 67-åringar har i same periode auka frå 14,0 år til 18,0 år.¹
- Alderen når folk trer inn i arbeidslivet har auka som følge av at fleire tek høgare utdanning. Medan det i

1970 var 12,3 prosent av folkesetnaden i alderen 30-39 år som hadde avslutta høgare utdanning, var tilsvarande tal i 2009 på 38,4 prosent.¹

- Alderen ved avgang frå arbeidslivet har minka som følge av høgare uttak av uførepensjon, innføringa av avtalefesta pensjon (AFP) i 1989 og som følge av at den allmenne pensjonsalderen vart sett ned frå 70 år til 67 år i 1973. Som vist seinare i artikkelen gjekk forventet pensjoneringsalder for 18-åringar ned frå 61,0 år i 2001 til 60,6 år i 2010, og nedgangen ville vore endå større hadde det ikkje vore for innføringa av tidsavgrensa uførestønad frå 2004.
- I motsett retning trekkjer at kvinneleg yrkesdeltaking har auka kraftig dei siste tiåra og medverka til fleire sysselsette.

Talet på sysselsette per pensjonist er lite tenleg som ein indikator på om ein lukkast i arbeidsmarknads- og pensjonspolitikken då demografi i stor grad påverkar dette måltalet. Talet på sysselsette som del av folkesetnaden i yrkesaktiv alder, vil òg på tilsvarande vis påverkast av

¹ Kjelde: Statistisk Sentralbyrå (SSB).

storleiken på dei ein-skilde årskulla, og denne typen mål-tal vil vera vanskelege å samanlikna over tid.

Frå 2008 vart det mogeleg for 67-årige alderspensjonistar å kombinera arbeid og pensjon utan at pensjonen vart avkorta, og i 2009 og 2010 vart ordninga utvida til også å gjelde 68- og 69-åringar. For alderspensjonistar over 70 år var dette mogeleg også tidlegare. Desse regelendringane har ført til at det har vorte stadig vanlegare å kombinera arbeid og pensjon (Bråthen og Grambo 2009). Eit anna tilhøve som nok kan ha medverka til dette, er at det no er store årskull som nærmar seg pensjonsalderen. Dette kan ha ført til ei holdningsendring blant arbeidsgjevarar og arbeidstakarar når det gjeld verdsetjinga av eldre si arbeidskraft. I ei spørjeundersøking Norstat gjennomførde for NAV i mars 2010, svarta fire av fem arbeidsgjevarar at dei var svært eller nokså samde i at dei ynskte at deira medarbeidarar skulle halda fram i arbeid så lenge som mogeleg etter fylte 60 år.

Frå 2011 vart det mogeleg å ta ut alderspensjon også for dei i aldersgruppa 62–66 år, og det vart innført ei ny AFP-ordning i privat sektor. Medan det tidlegare gjaldt strenge avkortingsreglar for kombinasjon av AFP med arbeidsinntekt over 15 000 kroner, kan ein fritt kombinera ny privat AFP med arbeidsinntekt. Dette gjeld derimot ikkje AFP-mottakarar i offentleg sektor eller mottakarar av den gamle AFP-ordninga i privat sektor (personar som tok ut privat AFP før 2011). Pensjonsreforma vil i alle tilfelle truleg medverka til at endå fleire vil velje å kombinera arbeid og pensjon. Betre tilgang til vidareutdanning og omskolering, og fleksible løysingar for å kombinera omsorg for barn med arbeid, gjer at ein dessutan i mindre grad enn før kan definera lengda på ein yrkeskarriere ut frå ein klart definert startdato og sluttdato.

Det er difor bruk for separate indikatorar for pensjoneringsåtfærd og for sysselsetjing blant eldre. Det finst ulike metodar for å rekna ut pensjoneringsalder, og forventede pensjoneringsalder vert sett på som eit robust mål for å vurdera endringar over tid.² Metoden seier noko om når ein kan forventede at personar med ein gitt alder i eit gitt år vil bli pensjonert. Som eit tillegg til forventede pensjoneringsalder har vi også utarbeidd ein indikator som ser på både sysselsetjingsratar og pensjoneringsratar over heile livslau-pet. Forholdet mellom talet på år folk er i arbeid og på ulike pensjonsordningar, vil gje eit uttrykk for forsørgingsbyrda. Ein kunne ha rekna dette ut for det ein-skilde årskullet, men ein måtte då ha venta til årskullet hadde gått bort for å kunne gjennomføre utrekningane. Resultata ville då dessutan vore avhengige av åtfærd mange tiår tilbake i tid, og ville difor hatt liten relevans i dag.

Hytti og Nio (2004) utarbeidd ein ny indikator for arbeidsmarknads- og pensjonspolitikken der dei dekompo-

nerde forventede levealder i forventede tid på og utanfor arbeidsmarknaden. EU-kommisjonen (sjå Vogler-Ludwig, 2009) følgde opp med ein studie for å koma fram til meir høvelege indikatorar for lengda på yrkeskarrierer. Ei av tilrådingane i denne studien er ein sysselsetjingsindikator som i hovudsak svarar til indikatoren til Hytti og Nio (2004). Indikatoren dei føreslår vert rekna ut som produktsummen av sysselsetjingsratar og overlevingssannsyn for eittårige aldersgrupper, noko som gjer uttrykk for talet på forventede år i arbeidslivet. Dei reknar ut dette talet ved 15 år og ved høgare aldrar, og samanliknar tala mellom EU-landa.

I 2010 utarbeidd vi for fyrste gong ein tilsvarande indikator for Noreg basert på mykje av den same metodikken (Lien 2010). I tillegg til talet på forventede år i arbeidslivet, såg vi også på talet på år i arbeidslivet i forhold til talet på år som mottakar av ulike pensjonsordningar. Denne artikkelen byggjer vidare på den tidlegare artikkelen og gjev oppdaterte tal til og med 2010. Denne typen indikator vil vera basert på periodedata i staden for kohortdata. Dette inneber at ein brukar data berre for eitt år til å rekna ut indikatoren, slik at datagrunnlaget består av data for mange kohortar, i staden for å følgje ein ein-skild kohort over tid. Indikatoren vil då reagere med ein gong på endringar i sysselsetjingsåtfærd, noko som har både fordelar og ulemper. Den openberre fordelan er at ein raskt kan fange opp endringar i åtfærd, til dømes som følgje av regelendringar slik som innføringa av pensjonsreforma. Ulempa vil vera at indikatoren vil påverkast av konjunktursvingingar og andre kortsiktige svingingar.

FORVENTA YRKESAKTIVITET NED FOR ANDRE ÅR PÅ RAD

Vi viser utviklinga i forventede yrkesaktivitet i perioden 2001–2010 i figur 1.³ I 2001 kunne ein 15-åring rekna med ein yrkeskarriere tilsvarande 29,6 årsverk i arbeidslivet. Sysselsetjinga var på sitt høgaste i 2008, men har sidan gått ned. Vi hadde om lag same konjunktursituasjon i 2008 som i 2001. Arbeidsløysa byrja å stige etter å ha nådd eit botn-nivå i begge desse åra (Handal og Sørbø 2010). Det er difor sannsynleg at auken i forventede yrkesaktivitet i denne perioden, på ca. 2 årsverk, er ei trendendring. Utviklinga sidan 2008 skuldast i stor grad nedgangskonjunktoren som starta våren 2008. Sidan menn i større grad enn kvinner arbeider i konjunkturutsette

² Sjø til dømes Finnish Centre for Pensions (2008).

³ Tala for 2010 er førebelse, då det enno ikkje ligg føre tal for å anslå sysselsetjinga blant sjølvstendige næringsdrivande i 2010. I dei førebelse tala for 2010 har vi gått ut frå at endringa i yrkesaktiviteten blant sjølvstendige næringsdrivande relativt til endringa i yrkesaktiviteten blant arbeidstakarar, vil bli den same som i tal for utførte årsverk i statistikk frå Arbeidskraftundersøkinga til SSB.

Metode for utrekning av forventa yrkesaktivitet og forventa år med pensjon

Forventa yrkesaktivitet (FY) ved inngangen til år x for ein person som fyller y år i dette året har vi definert slik:

$$FY_{x,y} = \sum_{i=y}^{\omega} p_{y,i} \cdot sa_{x,i}$$

der:

ω er øvre alder for datagrunnlaget. I praksis har vi nytta data t.o.m. 105 år, der vi nyttar faktiske dødssannsyn til og med 99 år og glatta dødssannsyn for intervallet 100-105 år.

$p_{y,i}$ er sannsynet for å overleva frå byrjinga av året der vedkommande fyller y år til midt i året der vedkommande fyller i år, der $sa_{x,i}$ er den gjennomsnittlege stillingsdelen i år x blant folkesetnaden som fyller i år i dette året.

Vi reknar her ut gjennomsnittleg stillingsdel for heile folkesetnaden, slik at vi set stillingsdelen lik null for personar som ikkje er sysselsett. Ved utrekninga av gjennomsnittleg stillingsdel tek vi også omsyn til lengda av sysselsetjinga, slik at til dømes 6 månader i arbeid med 100 prosent stillingsdel gjev en gjennomsnittleg stillingsdel på 50 prosent.

Vi kan då seie at forventa yrkesaktivitet ved alder y er definert som produktsummen av gjennomsnittlege stillingsdelar og overlevingssannsyn i folkesetnaden frå alder y og oppover. Trass i ordet «forventa» gjev indikatoren ikkje ein prognose for korleis åtferda kan verta framover (på same måte som forventa levealder også berre reknast ut på bakgrunn av observerte data). Men ein kan likevel seia at indikatoren oppgjer talet på forventa årsverk ein person med denne alderen kan rekna med å bidra med i arbeidslivet dersom sysselsetjingsåtfærdi og levealderen held seg konstant framover.

Det er eit problem ved utrekning av denne indikatoren at vi ikkje har informasjon om arbeidstid for sjølvstendige næringsdrivande eller om kva for periodar av året desse har vore i arbeid. Vi har difor vald å gjera eit overslag for arbeidstida for desse basert på den pensjonsgjevande inntekta dei er registrert med, og ved i fyrste omgang gå ut frå at gjennomsnittleg arbeidstid for eit visst inntektsnivå vil vera den same som for arbeidstakarar. Basert på desse føresetnadane har vi laga eit overslag på utførde årsverk blant sjølvstendige næringsdrivande for kvart einskild år. Dette overslaget har vi deretter samanlikna med statistikk frå Arbeidskraftundersøkinga til Statistisk sentralbyrå, som også viser talet på utførde årsverk for sjølvstendige næringsdrivande. Ut frå denne samanlikninga har vi definert ein korreksjonsfaktor rekna ut frå vårt overslag for talet på årsverk og tilsvarande tal frå Arbeidskraftundersøkinga, som vi til slutt har korrigert våre tal for.

Denne veikskapen i metode og datagrunnlag medverkar til at indikatoren for forventa yrkesaktivitet vert noko usikker. Men uvissa dette medverkar til er avgrensa sidan sysselsetjinga blant sjølvstendige næringsdrivande berre utgjer knappe 10 prosent av dei forventa åra i denne indikatoren. Og sidan vi gjennomgåande nyttar same korreksjonsmetode for kvart einskild år, vil indikatoren vera samanliknbar over tid.

Talet på forventa år som pensjonist (FP) ved inngangen til år x for ein person som fyller y år i året er tilsvarande rekna ut slik:

$$FP_{x,y} = \sum_{i=y}^{\omega} p_{y,i} \cdot pen_{x,i}$$

der $pen_{x,i}$ er den gjennomsnittlege pensjoneringsraten i år x blant folkesetnaden som fyller i år i dette året. Vi tek her omsyn til gradert pensjon, slik at vi reknar ein person som til dømes mottak 50 prosent uførepensjon i eitt år berre som ein halv pensjonist. Vi tek same omsyn for personar som mottak pensjon berre delar av året. Vi reknar her også ut separate tal for forventa år som mottakar av ulike pensjonsordningar (alderspensjon, AFP og uførepensjon). Indikatoren syner kor mange år ein person med denne alderen kan rekna med å vera pensjonist dersom pensjoneringsåtfærdi og levealderen held seg konstant framover.

I denne indikatoren har vi rekna med år ved mottak av AFP, varig uførepensjon og alderspensjon. Uførepensjon vart splitta i to stønader frå 2004, varig uførepensjon og tidsavgrensa uførestønad. Tidsavgrensa uførestønad har seinare vorte ein del av den nye ordninga arbeidsavklaringspengar, som vart oppretta i mars 2010. Tidsavgrensa uførestønad har gradvis vorte fasa inn, sidan denne ordninga berre vart opna for nye mottakarar frå og med 2004. Dei som allereie tok imot uførepensjon ved årsskiftet 2003/2004 vart verande på denne ordninga.

For å få samanliknbare tal for perioden 2001-2010, har vi difor rekna om tala for perioden 2001-2008 som om tidsavgrensa uførestønad hadde vore innført og som om ordninga hadde vore fasa inn i like stor grad som i 2009 igjennom heile perioden. Av det totale talet på mottakarar av uførestønader i 2009, utgjorde mottakarane av varig uførepensjon 86 prosent, medan mottakarane av tidsavgrensa uførestønad utgjorde 14 prosent. I praksis har vi gjort korreksjonen for tidlegare år ved å gå ut frå same prosentdelar også for perioden 2001-2008.

Metode for utrekning av forventa pensjoneringsalder

Forventa pensjoneringsalder er lik produktsummen av alder og sannsynet for å bli pensjonert i gitt alder. Denne formelen reknar ut forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år:

$$FPA(50) = \sum_{x=50}^{\omega} x * p(x) = 50 * p(50) + 51 * p(51) + \dots + \omega * p(\omega)$$

Der $p(x)$ er sannsynet for å bli pensjonert i alder x og ω er øvre aldersgrense. For 2010 er øvre aldersgrense framleis 70, men vil auka til 75 år. Sannsynet vert rekna ut via overlevingsfunksjonen $S(x)$ som er sannsynet for ikkje å vera pensjonert ved fylte x år. Når vi har rekna ut $S(x)$ for dei mogelege verdiane av x får vi sannsynet som $p(x)=S(x)-S(x+1)$.

Overgangsintensiteten i alder x , $h(x)$, er lik talet på dei som blei pensjonert i alder x dividert med talet på dei som kunne blitt pensjonert. Overlevingssannsynet i alder x , $ovl(x)=1-h(x)$, er sannsynet for at ein som ikkje er pensjonert før fylte x år heller ikkje vert pensjonert før fylte $x+1$ år.

$$S(x) = \prod_{u < x} ovl(u) \text{ dvs. produktet av overlevingssannsyna for kvar alder lågare enn } x.$$

Kva for nokre ordningar inngår i utrekninga

Pensjonssystemet i Noreg består av folketrygda, avtalefesta pensjon (AFP) og tenestepensjonar. Kva for nokre ordningar innanfor folketrygda som bør reknast med kan vera eit skjønnsspørsmål. Over tid har også stønadssystemet endra seg. Inntil 2004 nytta vi folketrygdas alders- og uførepensjon og AFP. Frå 2004 fann vi det rett å ta med tidsavgrensa uførestønad, sidan den skulle avlasta varig uførepensjon. I 2009 vart TU avskaffa, og det er meininga at dei som før ville fått tidsavgrensa uførestønad no skal få den nye stønaden arbeidsavklaringspengar. Vi finn det ikkje rimeleg å ta med arbeidsavklaringspengar i pensjonsomgrepet vårt, sidan denne stønaden omfattar mange personar som ikkje har vore aktuelle for uførepensjon. Frå 2010 vert dermed forventa pensjoneringsalder basert på alders- og uførepensjon, og AFP.

For å kunna følgja med i utviklinga av pensjoneringsalderen i alderspensjonen etter pensjonsreforma vil vi også rekna ut ein forventa pensjoneringsalder der berre alderspensjon og AFP inngår. Tenestepensjonar vert som hovudregel gitt som eit tillegg til folketrygda, med same pensjeringstidspunkt. Ein del arbeidstakarar har særaldersgrenser der pensjonsalderen kan vera så låg som 60 år, i nokre tilfelle endå lågare. Dette er ikkje med i utrekningssgrunnlaget fordi dette er praktisk vanskeleg å få til. Vi meiner likevel at vi får ein god indikator for utviklinga i den reelle pensjoneringsalderen.


Datagrunnlag

Utrekningane er basert på NAV sin kopi av folkeregisteret, NAV sin statistikkdatabase for pensjonar, Aa-registeret (Arbeids-gjevar- og arbeidstakarregisteret) og Inntektsregisteret. Aa-registeret inneheld detaljerte data om lengda på arbeidsforhold og om stillingsdel. Vi har her berre nytta data for perioden 2001–2010 då vi ikkje har informasjon om stillingsdel lenger tilbake i tid. Ei ulempe med desse data er at dei berre inneheld informasjon om arbeidstakarar, ikkje om sjølvstendige næringsdrivande. Vi har difor også nytta data om næringsinntekt frå Inntektsregisteret for perioden 2001–2009. Inntektsregisteret er NAV sitt register for pensjonsgjevande inntekt, basert på likningsdata frå Skatteetaten. Ulempa med desse data er at pensjonsgjevande inntekt til og med 2009 berre vert fastsett til og med året ein fyller 69 år, og vi får dermed ikkje informasjon om sjølvstendige næringsdrivande som er eldre enn dette.


Personar som mottek graderte stønader, er ved utrekning av forventa pensjoneringsalder berre rekna med som delvise pensjonistar. Ved utrekning av forventa år som pensjonist har vi teke omsyn til personar som mottek stønad berre deler av året og som mottek graderte stønader ved å rekne ut ein gjennomsnittleg uttaksgrad for året basert på medeltalet av uttaksgradane ved inngangen og utgangen av året.

NAV har ufullstendig statistikk for nye AFP-mottakarar i offentleg sektor i 2009 og 2010. Vi har difor lagt til grunn at den delen av folkesetnaden som mottok AFP i offentleg sektor var på same nivå i 2009 og 2010 som i 2008. Dette er ein noko usikker føresetnad, då det kan tenkjast at auken i arbeidsløysa i 2009 kan ha påverka uttaksratene.

Figur 1.
Forventa yrkesaktivitet ved 15 år 2001-2010.
Førebelse tal for 2010.



Figur 2.
Forventa yrkesaktivitet ved 50 år 2001-2010.
Førebelse tal for 2010.



næringar, har yrkesaktiviteten gått meir ned for menn enn for kvinner. Om vi ser bak tala, finn vi at det har vore ein vesentleg nedgang i sysselsetjinga blant personar under 35 år, at det har vore ein svak nedgang i sysselsetjinga i aldersgruppa 35-60 år, medan det har vore ein auke i sysselsetjinga blant personar over 60 år.

I 2010 var forventa yrkesaktivitet 30,9 årsverk. Dette er framleis høgare enn i heile perioden 2001-2007. Auken i yrkesaktivitet har vore litt større for kvinner enn for menn. Auken frå 2001 til 2010 utgjør ein forlengja yrkeskarriere på om lag 1,9 årsverk for kvinner og 0,7 årsverk for menn. Kvinner kan framleis rekna med å yta 7 færre årsverk i arbeidslivet enn menn. Denne skilnaden har berre gått svakt ned frå 2001, då han var litt meir enn 8 årsverk. Noko av denne skilnaden kjem av at kvinner i større grad enn menn er mellombels ute av arbeidslivet som følgje av omsorg for born, særleg i samband med foreldrepermisjon. Skilnaden mellom den delen av kvinner og menn som er sysselsett er temmeleg liten, og hovudårsaka til skilnaden i forventa yrkesaktivitet er at det framleis er langt fleire kvinner enn menn som arbeider deltid.

STABIL YRKESAKTIVITET BLANT DEI OVER 50 ÅR

Eit av måla i IA-avtala⁴ sitt delmål 3 er at gjennomsnittleg periode med yrkesaktivitet ved 50 år skal forlengjast med 6 månader frå 2009 til 2013. Figur 2 viser eit mål for dette – forventa yrkesaktivitet ved 50 år. Merk at denne indikatoren vert påverka av sysselsetjinga for heile folkesetnaden over 50 år, og at den difor vil verte påverka av at ein

del sluttar i arbeid allereie før dei fyller 50 år fordi dei vert arbeidsuføre eller sluttar av andre årsaker.

Ein 50-åring i 2010 kunne venta å vera i arbeid tilsvarende 10,9 år med full stilling. Dette er uendra frå 2009, men høgare enn i alle tidlegare år vi har data for. For 2001 til 2010 tilsvarar auken i yrkesaktivitet blant dei over 50 år ein auke på 1,3 årsverk per person. Yrkesaktiviteten har vist ei jamn eller stigande utvikling i kvart einaste år i perioden, også i periodar med stigande arbeidsløyse, slik som i perioden 2002-2003 og i 2009-2010. Ei mogeleg forklaring på auken kan vera at ein stadig større del av folkesetnaden i denne aldersgruppa har høgare utdanning. Tidlegare undersøkingar viser at sysselsetjinga blant eldre aukar med utdanningsnivået (Bråthen 2007). At store årskull no er i ferd med å nærme seg pensjonsalderen, kan som tidlegare nemnt dessutan ha ført til ei holdningsendring blant arbeidsgjevarar og arbeidstakarar, slik at både arbeidskraftstilbodet og -etterspurnaden kan ha auka i denne aldersgruppa.

For at IA-avtala sitt mål skal bli nådd må forventa yrkesaktivitet ved 50 år auka til 11,4 år innan 2013. Vi har enno ikkje nærma oss dette målet. Ei av utfordringane med dette målet er at konjunktursituasjonen vil påverka yrkesaktiviteten, slik at indikatoren dermed måler utviklinga i andre tilhøve enn dei ein kan påverke ved å leggje til rette for ein god seniorpolitikk. Statistisk sentralbyrå spår ei arbeidsløyse i 2013 på 2,9 prosent, noko som ligg mellom nivået i 2008 og 2009. Vi kan dermed gå ut frå at konjunktursituasjonen isolert sett vil gjere det lettare å nå målet i 2013. I tillegg er det sannsynleg at pensjonsreforma, gjennom å gjere det meir lønsamt å kombinera arbeid og pensjon, vil medverka til auka sysselsetjing. Begge desse tilhøva vil difor kunna gje drahjelp for å nå delmål 3.

Medan forventa yrkesaktivitet ved 50 år har auka med 1,3 år frå 2001 til 2010, har forventa pensjoneringsalder ved 50 år berre auka med 0,1 år i den same perioden. Utover effekten av regelendringar, skuldast dette mellom

⁴ «Intensjonsavtalen om et mer inkluderende arbeidsliv 1. mars 2010 – 31. desember 2013», sjå www.regjeringen.no/upload/AD/publikasjoner/webpublikasjoner/2010/IA-avtale_24022010.pdf

anna at folk er meir yrkesaktive enn før både før og etter dei vel å ta ut pensjon. Det understrekar at det i mindre grad enn tidlegare er vanleg å slutte i arbeid og ta ut pensjon på same tid. Den auka fleksibiliteten i det nye pensjonssystemet vil truleg føre til at dette skiljet viskast ut endå meir. Ei anna forklaring på skilnaden er at fleire eldre kvinner er yrkesaktive enn tidlegare, noko som medverkar til auka forventa yrkesaktivitet. Dette fører paradoksalt nok til nedgang i forventa pensjoneringsalder fordi fleire kvinner då får rett til og vel å ta ut AFP.

Om vi ser på fylkesvise tal, finn vi at Akershus er fylket som har høgast yrkesaktivitet blant dei over 50 år, følgt av dei fire vestlandsfylka. Folk i Akershus arbeider i gjennomsnitt 12 år på heiltid etter at dei har fylt 50. Finnmark og Østfold er fylka med lågast yrkesaktivitet. 50-åringar kan der rekna med å vera berre 9,7 og 9,8 årsverk i arbeid etter fylde 50 år. Vi kan til dels forklara dei fylkesvise skilnadane med skilnadar i næringsstruktur og utdanningsnivå. Akershus er fylket med nest høgast utdanningsnivå (etter Oslo) i folkesetnaden i aldersgruppa 60-66 år, medan Finnmark og Østfold begge er blant dei fire fylka i landet med lågast utdanningsnivå.⁵

Yrkesaktiviteten hengjer òg saman med kor mange som i ulike fylke er utanfor arbeidslivet på grunn av helsa. Medan 29 og 28 prosent av folkesetnaden i alderen 50-66 år fekk uførepensjon i Østfold og Finnmark ved utgangen av 2010 (dei to fylka i landet med høgast prosentdel), gjaldt dette berre 17 prosent av 50-66-åringane i Akershus (lågast av alle fylke).


MEIR ENN 20 ÅR SOM PENSJONIST

For å vurdera den langsiktige berekrafta til pensjonssystemet, er det fornuftig å samanlikna talet på år folk er i arbeid med talet på år folk mottok pensjon. Figur 4 viser forventa år som pensjonist ved 15 år i perioden 2001-2010.⁶ I talet på år som pensjonist reknar vi med periodar med uførepensjon, AFP og alderspensjon. Desse tala vil påverkast av pensjoneringsratar og av utviklinga i levealder. Vi justerer forventa år som pensjonist for pensjonsgrad, slik at vi berre delvis reknar med periodar der folk kombinerer uførepensjon eller AFP med arbeid. I perioden 2008-2010 vart avkortninga av alderspensjon mot arbeidsinntekt avskaffa. Periodar der folk kombinerer alderspensjon og arbeid vert difor både rekna med i talet på år som pensjonist og i talet på år som yrkesaktiv (figur 1).

⁵ Prosentdel av folkesetnaden i alderen 60-66 år som i 2009 hadde universitets- eller høgskuleutdanning. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

⁶ Det er ikkje mogleg å ta ut uførepensjon før 18 år, men vi har jamvel rekna ut indikatoren ved 15 år for at han skal vera samanliknbar med indikatoren for talet på år i arbeid.


Figur 3.
Forventa yrkesaktivitet ved 50 år i 2010
fordelt på fylke.



Med unntak av 2007 viste denne indikatoren samanhengande vekst frå 2001 til 2009. Hovuddrivaren bak dette har vore auken i levealder, som særleg har ført til fleire forventa år som alderspensjonist. Talet på år som pensjonist auka med 1,6 år frå 2001 til 2009, og dette kan vi fullt ut forklara med at folk mottok alderspensjon lenger enn tidlegare. I tillegg har det vore ein svak auke i talet på år med AFP og ein tilsvarende svak nedgang i talet på år med uførepensjon, men desse endringane veg opp for kvarandre.

Fleksibel uttaksalder for alderspensjon vart innført frå 2011. Det inneber at dess lenger du ventar med å ta ut alderspensjon, dess høgare vert pensjonen. For ein gjennomsnittsperson med ei viss pensjonsopptening vil samla pensjon over livet vera uavhengig av når ein byrjar å ta ut pensjonen. Forventa år som pensjonist vil då ikkje i same grad som tidlegare vera tenleg som indikator for finan-

Figur 4.
Forventa år som pensjonist ved 15 år (justert for pensjonsgrad), 2001-2010. Tal for uførepensjon i 2001-2008 er justert for å ta omsyn til innfasinga av tidsavgrensa uførestønad.




sieringsbyrda av pensjonssystemet, og frå og med 2011 vil vi difor vurdere andre indikatorar for dette.

I 2010 såg vi eit lite fall i talet på år som pensjonist. Det kjem av at både talet på uførepensjonistar og alderspensjonistar veks noko mindre i 2010 enn kva den demografiske utviklinga skulle tilseie. Den moderate veksten i talet på uførepensjonistar kan truleg ha samanheng med innføringa av arbeidsavklaringspengar frå mars 2010. Talet på mottakarar av arbeidsavklaringspengar auka med nær 13 000 personar eller 8 prosent frå mars til desember 2010, medan auken i talet på uførepensjonistar var på 2 000 personar eller 0,6 prosent i same periode. Den moderate veksten i talet på alderspensjonistar kjem av at nokon av dei som fylte 67 år i 2010, har valt å utsetja uttaket av alderspensjon som følgje av pensjonsreforma.

HALVANNA ÅR I FULLTIDSARBEID FOR KVART ÅR SOM PENSJONIST

Forholdet mellom forventa yrkesaktivitet og forventa år som pensjonist vil gje eit uttrykk for forsøringsbyrda for dei yrkesaktive. Utviklinga i denne indikatoren er vist i figur 5. Denne indikatoren har vore nokså stabil sidan 2001, når ein ser bort frå visse svingingar i takt med konjunkturane. I heile perioden har forventa yrkesaktivitet per år som pensjonist lege kring 1,5. Dette inneber at ein 15-åring i 2010 kan rekna med å arbeida halvannen gong så mange årsverk som talet på år vedkommande kan rekna med å vera pensjonist dersom sysselsetjingsratar, pensjoneringsratar og levealder held seg konstant. Frå figur 2 og 4 ser vi at dette i praksis tyder at 15-åringen kan rekna med å vera knappe 31 årsverk i arbeid og litt over 20 år som pensjonist.

Figur 5.
Forventa yrkesaktivitet ved 15 år (talet på årsverk) per år som pensjonist, 2001-2010



KJELDE: NAV

Vi hadde om lag same konjunktursituasjon i 2001 og 2008, og vi ser at talet på år i arbeid per år som pensjonist berre har gått svært marginalt ned i denne perioden, frå 1,57 år i 2001 til 1,56 år i 2008. Dette kjem av at forventa yrkesaktivitet har auka om lag like mykje som veksten i levealder i denne perioden, slik at den langsiktige finansieringsbyrda har halde seg omtrent uendra.


Medan menn er yrkesaktive noko kortare tid i forhold til talet på år som pensjonist enn tidlegare, har dette forholdstalet auka litt for kvinner. Forsøringsbyrda ville altså ha auka om det ikkje hadde vore for den auka sysselsetjinga blant kvinner dei siste åra. Statistisk sentralbyrå ventar at levealderen vil auka mykje også i åra framover, med vel halvanna års auke i forventa levealder per tiande årskull (mellomalternativet i befolkningsframskrivningane, sjå Brunborg og Texmon 2010). Utviklinga dei neste tiåra vil og verta kjenneteikna av at store årskull kjem til å verta pensjonistar og at relativt små årskull vil vera yrkesaktive. Det vil difor vera naudsynt å sikra høg sysselsetjingsvekst framover.

Det største potensialet for auke i sysselsetjinga ligg truleg i å få fleire kvinner til å arbeida heiltid og ved å få eldre arbeidstakarar til å halda fram noko lenger i arbeid. Medan det var 485 000 kvinner som arbeidde deltid i 2010, gjaldt dette berre 182 000 menn.⁷ Pensjonsreforma gjev klart betre økonomiske insentiv til arbeid blant yrkesaktive, og særleg blant eldre arbeidstakarar. Men det er ikkje alle som i realiteten står overfor desse insentiva. Ein stor del av alderspensjonistane har gått av med uførepensjon fyrst. I 2010 gjaldt dette vel 37 prosent av dei nye alderspensjonistane. Samstundes har AFP-ordninga i offentleg sektor vorte vidareført omtrent som den var. Dagens AFP-ordning gjev svake insentiv til arbeid, då årleg pensjon i liten grad vert påverka av uttaksalder og sidan pensjonen vert avkorta om ein kombinerer han med arbeidsinntekt.

I 2010 utgjorde personar som hadde teke ut AFP i offentleg sektor eller som framleis var tilsett i offentleg sektor om lag 20 prosent av dei nye alderspensjonistane. Dei resterande alderspensjonistane, dei som ikkje var uføre og ikkje arbeidde i offentleg sektor, utgjorde berre om lag 43 prosent. Det er altså berre eit mindretal av folkesetnaden som insentiva i pensjonsreforma påverkar fullt ut. For å auka eldre si deltaking i arbeidslivet er difor utfordringa framover å redusera den delen av folkesetnaden som forsvinn ut av arbeidslivet på grunn av helse, og å sikra at eldre arbeidstakarar held fram lenger i arbeid også i offentleg sektor.

⁷ Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Arbeidskraftundersøkinga.

Figur 6.
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 og 50 år,
med og utan tidsavgrensa uførestønad.



FORVENTA PENSJONERINGSALDER – ALDERSPENSJON, UFØRESTØNAD OG AFP

Vi kan rekna ut forventa pensjoneringsalder for ikkje-pensjonerte personar i ulike aldrar. Figur 6 viser forventa pensjoneringsalder på to alderstrinn: 18 og 50 år for perioden 2001 til 2010. Som det går fram av figuren, vil forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år vera høgare enn forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år. Dette er fordi det ikkje lenger er mogeleg for ein 50-åring å bli pensjonert før fylte 50 år.


I 2010 var forventa pensjoneringsalder for ein person på 50 år på 63,6 år, medan den for ein person på 18 år var 60,6 år. Av figur 7 ser vi at den forventa pensjoneringsalderen for kvinner var vel eit halvt år lågare enn for menn.

Det var ein sterk auke i forventa pensjoneringsalder i 2005. Dette kjem av innføringa av tidsavgrensa uførestønad. Eit hovudmål med denne ordninga var å minka tilgangen til varig uførepensjon.⁸ Det var ein nedgang i forventa pensjoneringsalder på alle aldersnivå i 2010. Dette kjem av auka tilgang både til uførepensjon og AFP. Særleg var det ein stor auke i tilgangen til uførepensjon. Dette kjem truleg av opphevinga av ordninga med tidsavgrensa uførestønad. Ei mogeleg medverkande årsak til auken kan vera at ein del personar som før ville fått tidsavgrensa uførestønad, har fått uførepensjon i staden for arbeidsavklaringspengar. Etter den store auken etter innføringa av tidsavgrensa uførestønad i 2004, har forventa pensjoneringsalder gått nedover frå 2007 til 2010 og er no om lag som før 2004.

Ut frå dette materialet, ser det med andre ord ikkje ut til at tidsavgrensa uførestønad har ført til ein varig reduksjon i tilgangen til uførepensjon. Sjå også figur 10 som

⁸ Ein grundig analyse av TU-ordninga finst i Bragstad (2009).

Figur 7.
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år,
kvinner og menn.




viser at forventa prosentdel pensjonerte ved fylde 62 år i 2010 er om lag 30 prosent, det same som i 2001.

Tilhøva på arbeidsmarknaden påverkar truleg pensjoneringsåtfërda. Noreg har vore inne i ein høgkonjunktur frå 2003/2004 til 2008. Auken i etterspurnad etter arbeidskraft i denne perioden kan medverka til å forklara auken i forventa pensjoneringsalder i 2005-2007. Tilsvarende kan lågare etterspurnad i 2009-2010 ha medverka til auka pensjering.

Nokre år klarar NAV ikkje å handsama like mange krav som kjem inn, slik at vi får ein auke i ubehandla saker, og andre år klarer vi å handsama fleire saker enn innkomne krav, slik at auken i talet på pensjonistar vert større enn talet på nye krav. Det er grunn til å tru at auke i talet på ubehandla krav om uførepensjon er ein medverkande årsak til auken i forventa pensjoneringsalder frå 2004 til 2007, og at auka innsats i sakshandsaminga bidrar til nedgangen i 2009 og 2010.

Figur 8.
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år,
kvinner og menn.



Tabell 1.

Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år og fylte 62 år. Alders- og uførepensjon, AFP.

År	50 år			62 år		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
2001	63,5	63,4	63,8	65,5	65,6	65,4
2002	63,5	63,3	63,7	65,4	65,6	65,4
2003	63,3	63,1	63,6	65,4	65,5	65,3
2004	63,3	63,1	63,6	65,4	65,4	65,4
2005	64,0	63,8	64,3	65,5	65,4	65,5
2006	64,1	63,9	64,4	65,5	65,4	65,6
2007	64,2	63,9	64,6	65,6	65,5	65,8
2008	64,1	63,7	64,5	65,6	65,5	65,7
2009	63,9	63,6	64,3	65,5	65,4	65,5
2010	63,6	63,2	63,9	65,4	65,4	65,5

KJELDE: NAV

Fram til 2007 blei alderspensjon til pensjonistar i alderen 67-69 år avkorta mot arbeidsinntekt. Forventa pensjoneringsalder for dei som ikkje var pensjonert før fylte 67 år var i desse åra 67,3 år. I 2008 blei avkortinga teken bort for 67-åringar og i 2009 og 2010 for 68- og 69-åringar. Verknaden av dette var at forventa pensjoneringsalder for 67-åringar gjekk ned til 67,2 år i 2008 og 67,1 år i 2009. Dette er då også ei medverkande årsak til nedgangen i forventa pensjoneringsalder på alle aldersnivå i 2009 og 2010. Forventa pensjoneringsalder går ned sjølv om fleire over 67 år er i arbeid fordi dei kombinerer arbeid og pensjon.

FORVENTA PENSJONERINGSALDER FOR ALDERSPENSJON OG AFP

Etter pensjonsreforma, med innføring av fleksibel pensjonsalder, er det viktig å følgje med i korleis den faktiske pensjonsalderen utviklar seg. Det er naturleg å sjå alderspensjon og AFP i samanheng. I privat sektor er AFP no eit tillegg til alderspensjonen. I offentleg sektor kan ein velje mellom alderspensjon eller AFP dersom ein vil gå av før 67 år. Det har vore ein moderat nedgang i forventa pensjoneringsalder rekna på denne måten, med om lag 0,3 år frå 2001 til 2010. Det var likevel ein liten auke for menn frå 2004 til 2007.


Tabell 2.

Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år og 30 år. Alders- og uførepensjon, AFP.

	18 år			30 år		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
2001	61,0	60,6	61,6	61,8	61,3	62,4
2002	60,8	60,4	61,3	61,6	61,2	62,2
2003	60,4	59,9	60,8	61,2	60,7	61,8
2004	59,8	59,0	60,6	60,8	60,0	61,6
2005	62,5	62,4	62,7	63,3	63,0	63,5
2006	62,8	62,7	62,9	63,5	63,3	63,7
2007	62,8	62,5	63,0	63,5	63,1	63,9
2008	62,3	62,1	62,6	63,1	62,7	63,6
2009	62,1	61,8	62,3	62,9	62,5	63,2
2010	60,6	60,1	61,1	61,5	60,9	62,2


KJELDE: NAV

Figur 9.
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 62 år. Berre alderspensjon og AFP



KJELDE: NAV

Figur 10.
Forventa prosentdel pensjonerte på ulike alderssteg (kumulativt pensjoneringsssansyn)




KJELDE: NAV

Tabell 5.
Forventa pensjoneringsalder ved 62 år.
Alderspensjon og AFP.

År	I alt	Kvinner	Menn
2001	66,5	66,5	66,4
2002	66,4	66,5	66,3
2003	66,4	66,4	66,3
2004	66,3	66,4	66,2
2005	66,3	66,3	66,3
2006	66,3	66,3	66,2
2007	66,4	66,3	66,4
2008	66,3	66,3	66,3
2009	66,2	66,3	66,2
2010	66,2	66,2	66,1

KJELDE: NAV

Figur 11.
Betingta sannsyn for å bli pensjonert i ulike aldersintervall.



KJELDE: NAV

PENSJONERINGSMØNSTERET

Figur 10 viser sannsynet for å vera pensjonert ved fylde 30, 40, 50, 62 og 67 år, gitt pensjoneringsmønsteret i det ein skilde året. Som pensjonistar reknar vi her med mot-takarar av alderspensjon, AFP og varig uførepensjon. Sannsynet går ned i 2005 etter innføringa av tidsavgrensa uførestønad og opp igjen i 2010 etter innføringa av arbeidsavklaringspengar.

Vi ser eit liknande bilete i figur 11, som viser sannsynet for å bli pensjonert i eit aldersintervall, gitt at ein ikkje er pensjonert før. Det er ein mindre nedgang i 2005 for dei over 62 år enn for yngre. Dette kjem av at tidsavgrensa uførestønad spelar ei mindre rolle i pensjoneringa etter 62 år, då mange får rett til AFP.

REFERANSAR

Bragstad, Torunn (2009): *Tidsbegrenset uførestønad – evaluering fire år etter innføring*, NAV-rapport 3-2009. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Brunborg, Helge og Texmon, Inger (2010): «Befolkningsframskrivninger 2010-2060», *Økonomiske analyser 4/2010*. Oslo: Statistisk sentralbyrå

Bråthen, Magne (2007): «Seniorenens tilknytning til arbeidsmarkedet styrkes», *Arbeid og velferd nr. 4-2007*, Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Bråthen, Magne og Grambo, Anne-Cathrine (2009): «Sysselsettingseffekten av endrede regler for alderspensjon for 67-åringene», *Arbeid og velferd nr. 2-2009*. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Christensen, A. M., D. Fredriksen, O. C. Lien og N. M. Stølen (2009): «Pension reform in Norway», fra konferansen «NDC Pension Systems: Progress and New Frontiers in a Changing Pension World», Försäkringskassan / Verdensbanken, Stockholm

Finnish Centre for Pensions (2008): «Expected effective retirement age in the Nordic countries», *Statistical Report 2/2008*, Helsinki

Haga, Oddbjørn (2010): «Forventa pensjoneringsalder 1986-2009», *Arbeid og velferd nr. 2-2010*. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Handal, Jørn og Sørbø, Johannes (2010): «Nedgangskonjunkturen til nå – hva skiller denne fra de forrige?», *Arbeid og velferd nr. 1-2010*, Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Hytti, Helka og Ilkka Nio (2004): «Monitoring the employment strategy and the duration of active working life», Working paper 38/2004, Helsinki: Finnish ministry of labour

Lien, Ole Christian (2010): «Halvannet år i arbeid for hvert år som pensjonist», *Arbeid og velferd nr. 2-2010*. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Vogler-Ludwig, Kurt (2009): «Monitoring the active working life in the European Union», Studie for EU-kommisjonen, München